



Fylkesmannen i Hordaland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/710 - 16/21323

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@meland.kommune.no

08.11.2016

Trong for SMIL- midlar 2017.

Svar på tildelings- og forventningsbrev landbruk 2016

- *Rapport for bruk av midlane tildelt i 2016 – dette er sendt inn på epost tidlegare*
- *Stipulering av behov for SMIL 2017*

Det har vore god søknad til SMIL midlar i 2016, og fleire prosjekt har vorte redusert/avslått på grunn av for lite midlar. Me opplever mange nye bønder med stort fokus på gjerding og beiterydding i samband med oppstart av drift, og dette er positivt. Sidan restaurering av bygg er svært kostnadskrevjande har me i liten grad markedsført ordninga i høve til dette, men me kjenner til at det er ynskje og trong for restaurering av gamle landbruksbygg. Ein del av årets tildeling vart finansiert med inndregne midlar frå ikkje gjennomførte prosjekt.

Kommunen har starta opp arbeidet med kulturminneplan, og landbruk er eit av fleire viktige tema. Det skal gjennomførast kartlegging og registrering, og dette kan resultera i fleire søknader på kulturminne/bygg.

Eit større beiteprosjekt er under planlegging på Kårbø. Det er permanente elektriskegjerde og utegangardrift med skotsk høylandsfe som er aktuelt. Dette prosjektet vil me gjerne støtta med smil-midlar då det tek i bruk beiteområde/lyngmark/utmark som har lege brakk i lang tid. Restaurering av tørrmur både i steingardar og bakkemurar/bekkefar er kontinuerleg arbeid, og me ynskjer å prioritera slike tiltak.

Det er ingen ting som tyder på at aktiviteten vert mindre til neste år og me stipulerer trong for midlar for 2017 til å vera kr. 250 000

- *Oversikt over eventuelle prosjekt som står med utgått arbeidsfrist med forklaring.*

Me har ingen saker med utgått arbeidsfrist utan høve til forlenging. Dei som er på lista er prosjekt som kan få utsetjing. Dei har fått varsel med svarfrist 1. desember og me handsamar utsetjingsøknadane fortløpande.

Med helsing

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere:
Fylkesmannen i Hordaland